

G14: Sterk uavgjort mot serieleiaren.

16.10.2016



Sterk kamp av G14-laget mot serieleiar Stord.

G-14-laget til Rosendal, med halve laget frå Uskedalen, hadde serieleiaren frå Stord i kne, og spelte 3-3 i Rosendal på søndag. Dermed vert Rosendal førebels liggjande på 2.plass. G-14-laget er eit godt samarbeidslag, med spelarar frå Åkra, Matre, Omvikdalen, Rosendal og Uskedalen, der 7 Uskedalsspelarar utgjør kjernen i laget.



2 av dei mest markante spelarane på banen: Bashar og Sander.

Kampen mot Stord på søndag gjekk i sterk vind, og Rosendal hadde motvind i 1. omgang. Eit glitrande innsatsfylt Rosendal-lag spelte likevel jamnt med Stord gjennom heile den vanskelege motvindsomgangen, og mot slutten sytte også Sondre Klyve og Tord Guddal for at laget gjekk til pause med 2-0-leiing. Ikkje ufortent. Medvinden kom ikkje etter sidebyte, og omgangen vart istaden prega av sidevind og kastevind alle vegar. Også denne omgangen vart ganske jamnspelt, men prega av at Stord fekk betre utteljing på sjansane. Jeppe Søllesvik sitt mål etter 55 minutt vart ikkje nok til Rosendal-siger, for Stord sette inn 3, og då ebba kampen ut med 3-3.

-Greit nok, sjølv om ein 3-poeng-ar sjølvsgt hadde smakt betre. Det sa også trenaren, Lars Emil frå Åkra, men han meinte, som meg, at laget hadde spelt ein skikkeleg god fotballkamp som alle kan vere nøgd med.

På biletet under av det gode G-14-laget finn du: Marius, Magne, Bashar, Brynjar, Tord, Jeppe, Viljar, Sondre, Fredrik, Sander Elias, Sigmund, Kristian, Sander, Eimund, Kristian.

Den siste seriekampen, mot Odda i Odda, kan sikre laget 2.plass i serien. Tvi tvi!



Tekst og foto: Vidar Haugland
Nett: Thor Inge Døssland